

Referat frå styremøte nr. 6-2021

Dato: 30.09.2021

Tid: kl. 09.00-11.10

Stad: United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)
Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune) f.o.m. kl. 09.20 – 11.05
Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune) t.om 11.05
Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune) t.o.m. kl. 10.30
5. varamedlem Olav Myklebust (ordfører i Sande kommune)

Forfall:

1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)
2. vara Jan Magnar Sandvik (varaordfører i Sula kommune)
3. vara Stein Aam (ordfører i Ørsta kommune)
4. vara Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 43/21: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 44/21: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 5-2021 (09.04.21)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 5-2021 vart godkjend.

Sak 45/21: Helsefellesskap Møre og Romsdal

Ved kommunalsjef for helse og omsorg i Ålesund kommune Synnøve Vasstrand Synnes

Det er vedteke ein ny samhandlingsstruktur mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane i fylket etter modell av helsefellesskap.

Helsedirektoratet har lyst ut tilskot til sekretariatsfunksjon for kommunane i helsefellesskap. Det er kun ei kommune per helsefellesskap som kan søkje om tilskot. 2/3 av kommunane i helsefellesskapet må stille seg bak søknaden.

Ålesund kommune ønskjer å søkje om tilskot på vegne av kommunane i helsefellesskapet.

Vedtak: Styret meiner at sekretærfunksjonen for kommunane i helsefellesskap bør ligge til ei kommune på Sunnmøre, og ber samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd arbeide fram ein søknad til Helsedirektoratet.

Styret oppnemner Sverre Leivdal (varaordførar i Volda kommune), Rune Sjugard (kommunedirektør i Volda kommune), Siv Katrin Ulla (utvalsleiar Komite for helse og omsorg i Ålesund kommune) og Karl Andre Birkhol (kommunedirektør i Fjord kommune) som vararepresentantar til partnerskapsmøtet i helsefellesskapet.

Sak 46/21: Ny Mørebenk - korleis skal Sunnmøre Regionråd arbeide for å sikre god informasjonsflyt/påverknad inn mot stortingspolitikarane våre

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar tok opp om Sunnmøre Regionråd skal prøve å få til faste møter med Mørebenken på Stortinget. Bakgrunnen er at Sunnmøre Regionråd skal bli eit meir politisk organ.

Konkret var det forslag om å ha eit arrangement om fiskerinæringa på Vitensenteret på Atlanterhavsparken saman med Mørebenken.

Sak 47/21: Endringar i styret i Sunnmøre Regionråd

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styremedlem Dag Olav Tennfjord har gått ut av styret. Grunnen til dette er at han ikkje lenger er politikar i Ålesund kommune. Tennfjord er tilsett som kommunedirektør i Giske kommune og har teke til i denne jobben.

1. varamedlem Geir Inge Lien er valt til stortingsrepresentant, og søker fritak frå vervet som ordførar i Vestnes kommune.

Brønnøysundregisteret har påpeika at kjønnsbalansen er skeiv når det gjeld varamedlemmar til styret - det er berre menn. Det må veljast 2 kvinner som varamedlemmar.

Valnemnda er orientert og har starta arbeidet.

Styreleiar viste til at valnemnda bør ta kontakt med deltakarkommunane når det gjeld geografiske omsyn ved val av nytt styremedlem og nye varamedlemmar.

Sak 48/21: Orienteringssak - Ny kyrkjeleg organisering

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Det er laga eit forslag til felles høyringsuttale som Sunnmøre Regionråd har sendt ut til alle kommunane med svarfrist 12. oktober 2021. Høyringsfristen er 15. oktober 2021.

Sak 49/21: Orienteringssak - Oppfølging av NTP i forhold til statsbudsjett for 2022

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre Regionråd gav i 2020 innspel til Møre og Romsdal fylkeskommune om Nasjonal transportplan 2022-2033. Styreleiar viste til at Sunnmøre Regionråd må arbeide med dei sakene som samlar og opptre som eit fellesskap. Dagleg leiar peika på at regionrådet må arbeide inn mot transportkomiteen på Stortinget.

Styremedlem Sølvi Dimmen orienterte om arbeidet med Voldatunnelen.

Sak 50/21: Økonomirapport

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar viste til at økonomirapportering vert å kome tilbake til på neste styremøte.

Sak 51/21: Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.